



Kriminalomsorgens regioner

Rundskriv

nr:
KDI 1/2021

Vår ref:
202016861-13

Dato:
30.12.2020

REGLER FOR ØKONOMISK STØNAD 2021

Rundskrivet regulerer sats for dagpenger og kostpenger.

Det er i budsjettet for 2021 innarbeidd ein netto priskompensasjon på 2,55 % på post 01.2.

Dette inneber at den generelle dagpengesatsen vil hevast med kr 2,0 og stønadssatsen med kr 1,00 pr. dag frå og med 01.01.2021.

Regler om dagpenger er gjeven i straffegjennomføringslova § 19, forskrifta § 3-13 og retningslinjene pkt. 19 om dagpenger, innreikna prinsippa for utbetaling.

Satsen for dagpenger er:

1 . ORDINÆR DAGPENGE SATS

Arbeid, programverksemd, opplæring og andre tiltak innanfor aktivitetsplikta.

Lik sats for kvardagar og helgedagar

kr 74,00

Vi viser til retningslinjene punkt 19.2. Dersom innsette er heilt eller delvis utelukka frå fellesskapet etter straffegjennomføringslova §§ 37 / 39 og på grunn av dette ikkje kan arbeide, skal det gjevast stønadspengar. Innsette som sjølv ikkje er skuld i at dei er utan arbeid, opplæring eller aktivitetar, **skal gjevast ordinær dagpengesats.**

2 . SPESIELLE UNNTAK

Ekstra tillegg for særleg viktig arbeid utover ordinær dagpengesats

inntil kr 30,00

3 . STØNADSPENGAR

Stønadspengar skal gjevast i dei tilfella som framkjem av forskrifta § 3-13 og retningslinjene punkt 19.2 og 19.3 om dagpengar

kr 50,00.

4 . DAGPENGAR TIL INNSETTE SOM GJENNOMFØRER STRAFF ETTER § 12

Domfelte som gjennomfører straff i medhald av § 12 tilståast ei yting etter ordinær dagpengesats **kr. 74,00**. Dette beløpet vert alltid utbetalt for 7 dagar i veka.

5. KOSTPENGAR

Innsette som kjøpar inn og lagar mat sjølv (sjølførpleining) tek i mot kostpengar. Dette gjeld ikkje i de tilfeller der innsette veljar å ikkje motta mat frå fengselet, men ønsker kostpenger for å dekke den alternative maten innsatte sjølv kjøper inn. Kostpengesatsen er **kr. 115,00**. Dette beløpet vert alltid utbetalt for 7 dagar i veka.

Dette rundskrivet trer i kraft 01.01.2021.

KDI vil justera satsane i KOMPIS reskontro.

Med hilsen

Jan-Erik Sandlie
assisterande direktør

Bente Gøril Sandahl
seniorrådgjevar

Dette brevet er godkjent elektronisk i kriminalomsorgen og har derfor ingen signatur.